

FITJAR KYRKJEBLAD



NR 2 - JUNI 2025
ÅRGANG 48



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar

Telefon: 913 47 802

kyrkja@fitjar.kommune.no

<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontoret er ikkje ope i juli, ta kontakt på telefon om de vil ha tak i oss.

Soknepresten har ferie frå 7. juli til 10. august

Kontakt oss:

Kyrkjeverje

Harald Rydland 913 47 802

kyrkja@fitjar.kommune.no

Kantor:

Jan Overweg 901 97 069

jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825

olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562

rama@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Anne Marie Røed 924 66 405

Bakken barnehage:

Serina Sørfonn 902 27 978

bakken.barnehage@haugnett.no

Redaksjonelt

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805

VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

«Som vinden stryk om mine kinn ...»

Slik startar ei av pinsesalmane vi song i kyrkja pinsedag (521). Det er eit vakkert bilete synst eg.

Sokneprest Olav J. Oma

«Som vinden stryk om mine kinn, slik er han Heilagandens vind. Han strøymmer om meg alltid nær, han hjelper meg å leve her.»



Pinsa er på mange måtar kyrkja si gløymde høgtid. Julia kjenner alle til. Og vi veit kva påska handlar om, men pinsa? Om underet som skjedde i Jerusalem pinsedagen i år 33, femti dagar etter Jesu oppstode frå dei døde. Huset i Jerusalem vart fylt av lyden som av «ein veldig vind». Eldtunger sette seg på hovudet til dei som var til stades, og dei vart gjeve å forkynna evangeliet på nye tungemål. Då apostlane gjekk ut på trappa såg flokken som var samla. Ein flokk med ulike tungemål, og alle forstod kva som blei sagt? Det var eit under som fortalde at evangeliet, «dei gode nyhenda» om Jesus, det gjaldt for alle folk og nasjonar. Evangeliet knytte menneske saman på tvers av nasjonar og språk. Det var eit nytt band som heldt dei saman, og det var trua på Jesus, den oppstadne. Den dagen, den fyrste pinsedagen, vart 3000 menneske døypte.

Det var ein som sa her om dagen at «vi er ikkje ei pinsekyrkje». Då tenkte han på at pinsa på mange måtar er ei gløymd høgtid i Folkekyrkja. Samtidig er det heilt feil. Vi er ei pinsekyrkje. For vi er direkte etterkomarar av dei som Heilaganden blæs på for 2000 år

sidan. Sidan har Anden blåse på og gjennom menneske like til oss i dag. Så kan vi gjerne be med siste verset i salmen vi song pinsedagen;

«Høyr, Anden blæs kvarhelst han vil, i sterke kast, og mjuk og mild. Kom, blås og gi meg trua no, lat Andens frukter i meg gro.»



Foto: Copilot

Som vinden stryker mine kinn

Anne-Ruth Jangaard/Øystein Wang

*Som vinden stryk om mine kinn,
slik er han, Heilagandens vind
Han strøyer om meg, alltid nær,
han hjelper meg å leve her.*

*Lik lufta som eg andar inn,
slik er han, Heilagandens vind.
Han fyller kvart eit andedrag
og gir meg krefter dag for dag.*

*Og Andens frukt skal vere fred
og glede, kjærleik følgjer med,
eit trufast og tolmodig sinn,
det skapar Heilagandens vind.*

*Høyr, Anden blæs kvarhelst han vil,
i sterke kast, og mjuk og mild.
Kom blås og gi meg trua no,
lat Andens frukter i meg gro.*

Kyrkjeskys

Vil du ha skyss til kyrkja?

Då ringjer du ein av desse karane innan laurdag,
så ordnar vedkomande med at du blir henta,
og at du kjem deg trygt heim etter gudstenesta
søndag.

Johannes Nesse 53 49 91 07

Nils K. Rydland 90 65 16 17

Rasmus Fitjar 91 82 41 58



Foto frå Flor og Fjære: Åshild Aadland Dalane

Jobb i Fitjar kyrkje - klokkar og kyrkjetenar

Er du ein ungdom mellom 15 og 20 år som kan tenkja deg å arbeida i kyrkja? Då vil me gjerne høyra frå deg.

Frå august har me behov for ein ny klokkar og ein ny kyrkjetenar. Dei som vert tilsette, går inn i ein turnus med om lag ei sundagsgudsteneste i månaden.

Løn og andre vilkår vert i tråd med KA sin tariffavtale for Den norske kyrkja.

For meir informasjon kan du ta kontakt med kyrkjevevje Harald Rydland på tlf. 913 47 802 eller sokneprest Olav J. Oma på tlf. 906 38 825.

Søknad kan sendast på e-post til:
kyrkja@fitjar.kommune.no innan 30.6.2025



Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset- Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 3. okt. til
kyrkja@fitjar.kommune.no**

Neste blad kjem etter planen 14. okt. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Herman Inge Aadland
- Roald Drønen
- Karvel Strømme
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Marie Willemse

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



Våren sin siste temakveld:

John-Inge Rolfsnes med band

Torsdag 24. april vart det sett punktum for våren sine temakvelder i Fitjar kyrkje. Og det vart eit velklingande, tankevekkjande og inspirerende punktum. Ein treng sanneleg ikkje alltid dra så langt for å finna gode krefter til oppbygging.

Herman I. Aadland

John-Inge Rolfsnes har vitja oss nokre gongen før, så nokon av oss visste slik om lag kva me gjekk til. Men denne gongen fekk, i alle fall underteikna, meir enn eg forventa. For det første var bandet eit stort pluss. John-Inge er jo god ven med gitaren sin, men det er sanneleg også dei andre musikarane med sine instrument. Noa Wibe er sær dyktig med tangentane. På vakkert vis fargelegg han melodiane i samsvar med tekstane sitt innhald.

Og Martin Hystad slår ikkje på trommer. Han spelar trommer med heile seg! Bass-spelet til Jørn Olav Myhre var også patent. I tillegg fortener lydteknikaren, Øyvind Brekke, stor ros. Lydbiletet var rikt og variert, og det kledde dei ulike songane; både dei kraftfulle og dei vare.

John-Inge har skrive songar og melodiar i mange år, og det er tydeleg at han vil noko med formidlinga si. Han har noko som ligg han på hjarta, - noko godt som han vil dela



med seg. Songane hans har røtene sine i vår kristne tru. Men dei er ikkje pompøse eller påtrengjande. Mange av dei er kvardagnære og audmjuke. Og John-Inge står ikkje fram med ein betrevitar sin peikefinger, men som ein audmjuk medvandrar. Og så har han ein herleg sjølvironi. Han er heller ikkje redd for å snakka ærleg om livet sine påkjenningar, prøvingar og gleder.

Konserten inneheldt både eldre og nyare songar. Nokre beit seg spesielt fast. T.d. «Tanken min» frå plata Skrent 2006. Dette er ein god låt som Noa Wibe fint framheva med strykarklangar i cynten.

Me fekk også smakebitar frå lovsongplata John Inge har gjeve ut no etter at denne konserten vart halden. Det er vel verd å leita seg fram til denne på nettet.

Konserten vart avslutta med ein ny variant av «Velsigninga». Denne er eit fint tilskot mellom mange nydelege utgåver, og den burde absolutt vera veleigna til bruk i ungdomsgudstenester.

Takk for ein fin og oppbyggeleg kveld i kyrkja!



2. pinsedag:

Ein åndfull time ved Kinnavatnet

Vêrmeldingane var ikkje dei aller beste, men det brydde ikkje Skaparen seg om. Det gjorde heller ikkje dei 103 som fann vegen til gapahuken ved Kinnavatnet 2. pinsedag. Friluftsgudstenesta denne dagen vart rett og slett ein fest.

Herman I. Aadland

Andredagane i dei store høgtidene har ofte vorte opplevde som eit lite antiklimaks. Men slik er det ikkje i Fitjar. Det har synt seg å vera klokt å flytta desse høgtidsdagane ut or kyrkja. Det gjeld både 2. påskedag i Dåfjorden og 2. pinsedag i fjellet.

Å sjå folkevandringa mot fjellet 2. pinsedag var både inspirerende og oppbyggeleg. Og endå betre vart det då me var framme. Sokneprest Olav Oma og kyrkjelydspedagog Randi Lønning Matre var inspirerte og oppglødde. Ja, det bobla over, slik det høver seg på ein pinsedag. Ein mild bris strauk over forsamlinga, ein bris som gjorde det vanskeleg å tenna faklar og ljøs. Men det øydela ikkje nettopp stemninga og humøret.

Randi har ofte noko spennande i ermet. Og denne gongen hadde ho med seg ein dristig, ung mann. Teksten handla jo om Anden som manifesterte seg som eld på læresveinane sine hovud. Den unge mannen tok ein sup av ei flaske. Det såg ut som vatn. Men då han blæs det



Foto: Helga Rimmereid

mot ein fakkell, stod det ein stor loge ut av munnen hans. Det gjorde inntrykk på liten og stor, og det gjekk ein sus gjennom forsamlinga. Me gløymer ikkje dette med det første. Sjølv skulle eg ta bilete av dette til kyrkjebladet, men eg kløna det diverre til. Så overveldande var det, men Helga Rimmereid klarte det!

Så fekk me ei nydeleg og sterk undervisning om Den heilage anden si kraft, om kyrkja sin fødsel og om livet i Anden. Me er ikkje overlatne til oss sjølve som foreldreause born. Me er i dei beste hender. At det finst levande og trygg tru i Fitjar, er åleine eit verk av Den heilage Ande.

Harald Rydland spela el-piano og songen lydde frisk og sterk i fjellheimen. Sola titta fram og fekk folk til å letta på tøyet. Og etterpå var det kyrkjekaffi og kyrkjeniste, godprat og fint fellesskap. Og lenge etter at dei fleste av oss var godt og vel heimkomne, kom regnet. Men det gode regnet er også eit bilete på Anden. For frøet som er sådd og skal spira, treng væte. Utan vatn vert det ingen ting av det.

Takk til Skaparen, Frelsaren og Livgjevaren, og takk til kyrkja og kyrkjelyden for ein fin dag i fjellet!



Fire med sjød'n

Konfirmasjon har lange tradisjonar. Den vart innført i Noreg i 1736, og har sidan vore ein svært viktig del av kyrkja si dåpsopplæring. Ordet konfirmasjon kjem av det latinske ordet confirmare som tyder å bekrefte, stadfesta og «å gjera sterk».

I Fitjar er konfirmasjonstida frå september – mai og vert avslutta med ei konfirmasjonsgudsteneste med forbønshandling, med stadfesting av Gud sitt løfte i dåpen.

Roald Drønen



Edel Brekke:

1. Eg valgte å konfirmere meg i kyrkja fordi alle søsknene mine har gjort det, og dei synst det var kjekt og då fekk eg også lyst til å konfirmere meg i kyrkja.
2. Konfirmasjonstida har vore veldig kjekk og veldig

lærerik. Me har fått læra masse om Gud og Jesus. Ting som eg ikkje kunne frå før. Me fekk og reisa på tur til Røldal og stå på slalom. Det var veldig kjekt.

3. Ja, eg hadde ein veldig flott konfirmasjonsdag. Det beste var kanskje at heile familien var samla.
4. Ja, eg vil anbefale andre å konfirmere seg i Fitjar kyrkje, du lærer masse nytt og får gode rundstykker. Det er ein veldig fin måte å konfirmere seg på.

KONFIRMAN*
2025

Me har intervjuet fire frå årets konfirmantkull i Fitjar og stilt dei følgjande spørsmål:

1. Kvifor valte du å konfirmere deg i kyrkja?
2. Korleis har konfirmanttida vore? Noko du likte spesielt godt?
3. Hadde du ein fin konfirmasjonsdag? Kva var best?
4. Vil du oppmoda ungdomane i Fitjar å konfirmere seg i kyrkja?



Tone Simonsen:

1. Eg valgte å konfirmere meg i kyrkja for det første fordi eg er kristen. Eg ønskte og melda meg inn i kyrkja.
2. Konfirmasjonstida har vert kjekk og spennande. Eg syntes

at det var kjekt og dra på skitur i Røldal og når me var på Rush.

3. Eg hadde ein veldig fin konfirmasjonsdag både i kyrkja og i besøket. Det beste var nok den gode maten og gjestene.
4. Ja, eg vil oppfordra ungdommer til å konfirmere seg i kyrkja.



Hallvard Øvrevik Skartland:

1. Eg ville bli bedre kjent med religionen og kristendom har vert ein del i familien.
2. Eg har kost meg og det var ekstra gøy og stå på slalom.

3. Festen var det kjekkaste på dagen.
4. Eg vil oppfordra folk til å konfirmere seg kristent.



Miriam Endal:

1. Jeg valgte å konfirmere meg i kirken fordi det var det som var det mest populære valget og fordi jeg ville melde meg inn i kirken.
2. Jeg synes konfirmanntiden har vært en veldig fin tid,

og det har vært mange kjekke turer og opplevelse.

3. Jeg hadde en veldig fin konfirmasjonsdag og hadde det kjekt med familie og venner.
4. Jeg synes at det har vært en fin konfirmasjonstid, og oppfordrer andre ungdommer til å konfirmere seg i kirken også.



Me gratulerer årets flotte konfirmantar med konfirmasjonsdagen som var i mai. Me ynskjer dykk alt godt. Me håpar me ser dykk igjen på Tentreff, på VIDARE og i kyrkja til blant anna gudsteneste.

Me har òg teke imot neste års konfirmantar. Til hausten skal me bli kjent med ein ny fin gjeng med ungdommar. Det gler me oss til. Om du har ein konfirmant som ikkje har meldt seg, er det ikkje for seint. De finn informasjon på heimesida vår. Hjarteleg velkommen!



VIDARE

- avslutningstur til Tveitafossen

Tysdag 20.mai samlast ein fin gjeng ved Tveitafossen for avslutning for VIDARE.

Randi Lønning Matre

Denne våren har det vore ein stabil gjeng innom kyrkjestova ein gong i månaden. Me har ete kveldsmat i lag og prata om livet og kvardagen og Gud.

På siste samling var det 10 ungdommar som gjekk inn til Tveitafossen. Der venta ei varm bålpanne, klar for grillmat. Ungdommane såg på den fine fossen og testa balansen på slakk line, før pølsene var klare. Det vart grilla 40 pølser og ein pose marshmallows – alt var tomt på veg tilbake!

I samlinga rundt bålpanna snakka Randi om at me framleis er i påsketida og om Jesu oppstode, og kva det betyr for liva våre i dag. Det er det

me bygger trua vår på. Er den truverdig? Det er mange gode argument som talar for at Jesus stod opp igjen frå døden og opna vegen til himmelen for oss menneske. Og det skal me få feire kvar einaste søndag – på oppstodedagen!

God sommar til alle ungdommar, lukka til på nye og spennande skular og arbeid til dykk som reiser vekk.

God sommar til dykk som eg håpar å sjå igjen til hausten.





Bak f.v.: Håkon Øien Kloster, Hallvard Øvrevik Skartland, David Helland Forland, Olve Helland Koløen, Johannes Maraas Heggøy, Gerrard Sorada Myhre, Eskild Skram Isdahl, Lukas Neergård, Tomas Wen Sandvik og Diego Sorada Myhre.

Midten f.v.: Leon Skumsnes Helland, Diana Nesbø, Isdahl Sætre, Ella Sandvik Magnussen, Angelica Kjæ Træet, Leah Aarbø, Ingerline Helland Kannelønning, Henriksen Sørffonn og William Olsen Heggland.



Malin
er-
, Steffen

Framme f.v. Angelica Hoff Samuelsen, Miriam Haukås Endal, Tone Myrvang Simonsen, Miriam Gerhardesen, Birgitte Rydland Sæbø, Sofie Bergesen, Edel Brekke, Marlen Rescobillo Helland og Lyka Emilie Tislevoll.

Olav J. Oma og Randi Lønning Matre

Foto: J.A. Skumsnes/kunstivest.no

Båten

Imellom regnbygger og i nyslått gras i Breiavikjo, samla me ein gjeng med 4. og 5. klassingar ein ettermiddag tidleg i juni.

Randi Lønning Matre

Etter kort velkomst og namneopprop, var det rett ut i båt for å trekke garn. Det var god vind og tungt å padle. Men dei kom seg fram til garna. Dei vart sett ut kvelden før av ein god hjelpar. Heile 4 garn var sette ut.

Det var veldig spanande å vere med å dra garna. Var det blitt noko fangst? Og, ja det var fangst! Dei kom strålande fornøgde tilbake med bøtta full av fisk. Neste gjeng trekte opp dei siste garna, og det var minst like full bøtte og fornøgde barn.

På land stod ein gjeng foreldre klare til å sløye og steike fisken. Alle som ville fekk ein smaksprøve av auren. Nokon syntes det smaka godt, og ville ha mest mogleg fisk med seg heim, medan andre helst ville la vere å smake.

På land var det sett opp ei turløype med ulike postar, med både hjernetrim, fysiske aktivitetar og bibelforteljingar. Dei skulle blant anna gå på stylter, slakk line og kaste på blink. Og innimellom gåter og sjøuttrykk, var det fire ulike bibelforteljingar om Jesus på sjøen og på stranda.

Desse bibelforteljingane møtte dei på ulikt vis fleire stadar denne ettermiddagen. Ein av stasjonane var rundt bålpanna, der dei varma bollar og fekk høyre historia om då Jesus viste seg for læresveinane etter at han var stått opp, og gav dei mat.

Me avslutta med forteljinga om då Jesus stilte stormen. Det blei ikkje heilt stilt denne ettermiddagen. Det var god vind og tungt i bølgene, men det var og godt å komme i land og finne ein lun krok rundt bålpanna.

Tusen takk for ein kjekk ettermiddag! Tusen takk for flotte leiarar, ungdommar og føresette.



Termostreff på kyrkjegarden



Kvar sommar, ein dag nesten kvar veke, sit det folk frå Diakoninemnda på kyrkjegarden med kaffi og twist til dei som steller gravene. Det ser ut til at mange set pris på ein liten pause med ein kaffikopp og ein prat.

T: Marie Willemse - F: Kjetil Rydland

Dette er berre litt av det Diakoninemnda gjer i løpet av året.

Det viktigaste er truleg organisering av besøkstenesta. Det er frivillige som besøkjer folk som ynskjer at nokon kjem innom med jamne mellomrom. Det er verdifullt å møte kvarandre, anten heime eller på ein annan plass. Mange set pris på denne nærast anonyme tenesta.



Kvart år lagar dei også til fest for alle frivillige i besøkstenesta. Diakoninemnda oppfordrar folk som ynskjer besøk til å ta kontakt.

Dei som er med i nemnda, er også engasjerte i Fasteaksjonen saman med konfirmantane.

Eit anna initiativ er at dei arrangerer samling i kyrkja laurdag kveld før Allehelgensdag i november.

Diakoninemnda arrangerer julefest på bedehuset saman med indremisjonen.

Open kyrkje er det også Diakoninemnda som har ansvaret for. Det er første torsdagen i månaden. Dessutan går dei med blomar til alle som fyller 80, 85, 90, 95 og 100 år!

Kvart år på forsommaren arrangerast dagstur til ulike stader. Turen har vist seg å vera populær. I år gjekk turen til Flor og Fjære. Den var fullteikna - med venteliste.

Som me skjønar, er dette arbeidet svært viktig i kyrkja vår. Hugs det i bøn!

PS: I desse dagar vert det valt to nye medlemmer til nemnda. Kven det vert vil, bli opplyst i neste nummer av kyrkjebladet. Også heile samansetjinga av nemnda.

Det er berre å ta kontakt med kyrkjekontoret, så får ein hjelp og opplysningar om det som skjer i kyrkjelyden.



3. pinsedag, tysdag 10. juni

Diakonituren

Ved bedehuset stod bussen klar frå tidleg morgon. Då den kørde, var alle dei 54 seta fulle. Under turen til og frå Flor og Fjære, på Hidle nordaust for Stavanger, underheldt Halvard Wiik både med skjemt og alvor. Låtten runga ved fleire høve gjennom bussen.

Olav J. Oma

På Hidle vart vi tekne med inn på denne "paradisøya". Her er det framande vekster, oliventre og kaktus, bambus og fint skorne furer. Blomar i alle moglege fargar og fasongar. Det er eit syn. Kvite strender om lune lagunar.

Vertskapet tok godt imot oss. Dei fortel historia om øya og framveksten av hagen med vatn, elvar og fossefall med begeistring og kjærleik. Lunsjen i jungelrestauranten var og ein fryd. Her var det godt selskap og fin servering. Vi reiste oss mette og "vel belåtne" etter måltidet, og var klare for å nyta dei siste timane på Hidle i selskap med kvarandre i den vakre hagen.

Turen var sponso av Fitjar kraftlag.

Diakoninemnda fekk stor takk for turen.

Dei som hadde ansvar denne gongen var: Annbjørg Stjern-Tvedt, Kari Raunholm, Halvard Wiik, Hilda Gloppen, Grete Sætre, Inger Marie Gilje og Olav J. Oma.

Foto: Åshild Aadland Dalane



Foto: Olav J. Oma





Endre Olsen:

- Johnny Cash i ord og tonar

28. august startar temakveldane opp etter sommaren. Denne gongen kjem Endre Olsen frå Stord, ein røynd musikar med suksess både i platemarknaden og på scenen. Han fortel og syng seg gjennom livet og karrieren til Johnny Cash; frå ein bomullsåker i Arkansas til toppen av hitlistene, ned i grusen igjen, til det store comebacket på tampen. Johnny Cash levde eit innhaldsrikt liv, der sogene og songane går hand i hand, og der han stadig sto i spenningsfeltet mellom tru og tvil, liv og død, kjærleik og svik. Og heile tida med eit hjarte som banka for dei utstøytte.

Dette ser vi fram til, og vonar at nettopp du har lyst og høve til å bli med!



Foto: Olav J. Oma

Kollektliste

Dato	Formål	Sum
23.mar	Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag	kr 9 080,00
30.mar	Kirkens nødhjelp - fasteaksjonen	kr 9 500,00
02.apr	Fasteaksjonen	kr 4 150,00
06.apr	Kyrkjelydsarbeidet	kr 7 780,00
13.apr	Kyrkjelydsarbeidet	kr 10 200,00
17.apr	Trusopplæring	kr 10 255,00
20.apr	Misjonsprosjektet NMS	kr 21 750,00
21.apr	Kirkens bymisjon Stord	kr 13 965,00
27.apr	Kyrkjelydsarbeidet	kr 5 500,00
04.mai	Tentreff	kr 7 000,00
07.mai	Trusopplæringa	kr 4 500,00
10.mai	Kirkens Nødhjelp, fasteaksjonen	kr 4 350,00
11.mai	Kirkens Nødhjelp, fasteaksjonen	kr 3 100,00
17.mai	Kirkens Nødhjelp	kr 7 350,00
18.mai	Kyrkjelydsarbeidet	kr 3 786,00
25.mai	Trusopplæringa	kr 6 900,00

Temakveldar hausten 2025



28. august

Jonny Cash i ord og tonar
med Endre Olsen



25. september

«Håpskveid»
med Odd Eidner



30. oktober

Jakta på dei eldste mauskript i Bibelen
med Hans Johan Sagrusten



27. november

«Den ljose dagen»
Religjose folketonar frå Hordaland og
Rogaland med Berit Ophelm,
Sigbjørn Apeland og Nils Økland

Temakveldgruppa/soknerådet

||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: 9-16

Ons-tor: 9-18

Laurdag: 10-14

Tlf. 53 49 79 72

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjerelvsvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå
Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS

Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinne
lag

Fitjar
Bygdekvinne
lag

FBS **FITJAR BYGDASERVICE SA**
BRØYTING - TREFELLING
Tlf: 53 27 72 01 KÅRL ANDRÉ: 95 77 83 13



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:
53 22 26 20 / 414 28 038
E-post:
post@krakogjestetun.no



OPNINGSTIDER:
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): 10-13

Treff oss 1. 2. etg
i Larsen bygget

*Fiks frisyren
hos oss!*

For timebestilling ring:
53 49 78 90



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

www.gronavikjo.no

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningssenter
Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Serina Sørfohn
902 27 978

WAAGE ANLEGG

www.waageanlegg.no
inge@waageanlegg.no | Tlf: 958 86 390

Interflora | **Galleri Flora** | Tlf: 53 49 95 00 | www.interflora.no
Blomster - Gaver - Gravsteiner

Kråko
Kråko Utvikling AS

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**KVERNENES
BÅTBYGGERI**

Kalveid 27, 5419 Fitjar
Tlf: 940 39 639- baatbygg@kvernernesbaat.no



FOTTERAPEUT

med diabetes forjupning

Liv Heidi Kolbeinsvik

Ring meg på 970 47 907

Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18



**Videoen
Kiosk**



**Engevik &
Tislevoll a.s**
MESTERHUS

Telefon:

53 45 73 00

E-post:

post@engevik-tislevoll.no

VERDIG  GRAVFERD

Vakttelefon: 91 80 00 40



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

progreen
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar

www.progreen.as

 SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700



ØYA BYGG
Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

DANIEL TISLAVOLL

 post@oyabygg.no

 456 67 418 


K.VOLDEN

Slekters gang

Døyppte:

06.04.
Josefine Meidell Gjerd

27.04.
Frida Ahrens Hammer

04.05.
Vilja Kvæven Waage

01.06.
Rikke Marie Tranøy Markussen

15.06.
Milas Vågen Opheim

22.06.
Arve Siglen Tøkje

Vigde:

21.06.
Oda Rydland og
Johan Husebråten

Jordfeste:

Björg Iren Kleppe
f. 04.12.1963- 30.03.2025

Klara Sofie Hovstad
f. 06.01.1929- d. 15.04.2025

Heidi Merete Liarbø
f. 13.05.1968- d. 21.04.2025

Klement Koløen
f. 09.12.1934- d. 02.05.2025

Steinar de Fine
f. 13.04.1936- d. 06.05.2025

Gisle Vik
f. 16.09.1965- d. 26.05.2025

Gudstenester

Dato	Kl.slett	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
06.07.	kl.11:00	4.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kirkens Bymisjon
13.07.	kl.11:00	5.s. i treeiningstida	Vikar	Kyrkjelydsarbeidet
20.07.	kl.11:00	6.s. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	Det teologiske menighetsfakultetet
27.07.	kl.11:00	7.s. i treeiningstida	Vikar	Kyrkjelydsarbeidet
03.08.	kl.11:00	8.s. i treeiningstida	Vikar	Stefanusalliansen
10.08.	kl.11:00	9.s. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	Misjonsprosjektet NMS
17.08.	kl.11:00	10.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Den norske Israelsmisjon
24.08.	kl.11:00	11.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
31.08.	kl.11:00	Familiegudsteneste Årskog	Olav J. Oma	Trusopplæringa
07.09.	kl.11:00	Søndagsskulens dag	Olav J. Oma	Søndagsskulen
14.09.	kl.11:00	Presentasjonsgudsteneste	Olav J. Oma	Trusopplæringa
21.09.	kl.11:00	15.s. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	Normisjon
28.09.	kl.11:00	Familiegudsteneste 4-årsbok	Olav J. Oma	Trusopplæringa
05.10.	kl.11:00	17.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Misjonsprosjektet, NMS
12.10.	kl.11:00	18.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
19.10.	kl.11:00	Haustattakkefest	Olav J. Oma	TV-aksjonen
26.10.	kl.11:00	Bots- og bønedag	Sven Harald Nilsen	Solgry